Eksisterende nett kan ikkje nyttast. Må vere eige nett direkte til Reiestadbekken. Sannsynligvis ikkje behov for fordrøyning. Må planleggast nærare i samband med teknisk plan.

Flaumvegar:

Overordna flaumveg frå Varhaug sentrum går til ny rundkjøring i Dysjalsvegen x Varhaugvegen, og må styrast vidare derifrå til Reiestadbekken. Dette er no omtalt i planbeskrivelsen.

Det er i revidert flaumkart skilt mellom flomveg og lokalt overvatn. Lokalt overvatn skal så langt det er mogleg styrast mot flomveg, ref. planbeskrivelsen. Gnr 54 bnr 49, og BKS9 ligg meir utsett til i høve til flaumveg, og det må i vidare utvikling av teknisk plan vurderast tiltak

i/opp mot desse områda.



*Revidert flaumkart*

**Fråsegn frå Innbyggjarrådet, 29.01.2018 sak 008/18**

**1 Vegforbindelse som krysser jernbane må vurderes**

A. Innbyggjarrådet sluttar seg til innspel frå Eirik J Varhaug datert 03.01.2018 til sak 13/1567, og bed om at det blir vurdert.

Det vesentlege nå er at utbygging av Reiestadmarka ikkje stengjer for evt. Jernbaneundergang ca 250-300 m sør for fv. 504 og veg vidare austover sør for Fjordland til Kyrkjevegen og evt. vidare (jf vedlegg 2 i sak 13/1567).

B. Elles har Innbyggjarrådet ingen merknad til saka.

### **Kommentar frå rådmannen:**

Sjå kommentar til Eirik J. Varhaugs innspel under.

### **Fråsegn frå Eirik J. Varhaug, 03.01.2018**

#### **2 Omkjøringsveg lokalveg evt.**

Syner og til samrøystes vedtak i Hå innbyggjerråd, (Vedlegg 1) sak 113/1567 IB-003/13, der innspelet mitt nå er tilknytta pkt 2 og pkt 3. (Pkt 1 (omkøyringsveg nord for tettstaden) er truleg dyrare og ligg lenger fram i tid?) Innspelet mitt nå går ut på å vurdere om avgrensande veg vest og sør av Reiestadmarka lett kan verta ein del av ein omkøyringsveg/ringveg. - Etter mi meining vil korkje hevjing av nåverande jernbanebru med ca 2 m ved evt. dobbetspor eller eventuelt dyr undergang her få bort gjennomgangstrafikk frå Varhaug sentrum. Syner difor til vedlagt prinsippsskisse, vedlegg 2, med evt. Jernbaneundergang litt sør for Fjordland, der skinnane ligg ca 3,5m over terrenget. Då kjem ein fort inn på Kyrkjevegen. Frå ny rundkøyring her kan ein skrå inn på Tjemslandsvegen, så til Kydlandsvegen og vidare mot nord-aust til nåverande f.v. 504 ca 1km aust for "Prestakrysset" (rundkøyring). Med det har ein fått ein omkøyringsveg/ringveg sør for alle byggjefelta på Varhaug. Denne kan nyttast både som mellombels omkøyringsveg for f.v. 504, seinare evt. bare som omkøyringsveg/ringveg for lokaltrafikk.

### **Kommentar frå forslagsstillaren:**

Detaljplan kan ikke forskuttere fremtidige beslutninger, utredninger foreligger pdd. ikke. Innspillet er interessant og bør rettes til kommuneplan. Forslagsstiller anbefaler ikke løsningen ettersom det medfører økt trafikk i planlagte boligområder og barnehage, økt støybelastning og økt belastning på grøntdraget inntil kulturminnet Leksaren. Gjennomføring av innspillet vil krevet et større landskapsinngrep og oppdimensjonering av veistandard som er lite hensiktsmessig for boligområdet.

### **Kommentar frå rådmannen:**

I tillegg: ei rekke konflikatar med kulturminner, eksisterande busetnad. Gjennomføring av omkjøringsveg krev detaljert utgreiing på kommune-/ kommunedelplannivå av evt. trasear, og vedtak/ finansiering i regi av fylkeskommunen. Fv504 har ikkje ÅDT som gir grunnlag for omkjøringsveg, sjølv om administrasjonen også ser eit visst behov for denne i dag. Det er fleire ukjente storleikar i utvikling i trafikk og oppgraderingar av fylkesvegane og E39 som vil virke inn på eit ev. utfall.

### **3 Bru**

Nåverande jernbanebru for f.v.504 kan då gjerast om til gang- og sykkelsti. F.v.504 kan difor stengjast i austre enden av brua og ved den planlagde rundkøyringa vest for Essostasjonen. Løysinga gir ingen konflikt med Ånestadvegen. Planlagd gåundergang under nåverande f.v.504 trengst nok likevel i mange år framover.

### **Kommentar frå forslagsstillaren:**

I påvente av ny jernbanebru må det tilrettelegges for trafikksikker gangforbindelse til Varhaug sentrum og skole, mm.

#### **Kommentar frå rådmannen:**

Ei stenging ligg så langt fram i tid og har så stor usikkerheit, at vi må ha undergang inntil anna avklaring føreligg. Flytting av vegkryssing vil krevje oppgradering av tilknytta vegsystem på begge sider, som og spelar inn i totalkostnaden.

#### **Fråsegn frå Herman Skretting, 18.02.2018**

##### **1 Høyde nærmeste blokk (BFS3-BBB5)**

Eg bur i og eig bustad BFS3, og vil koma med uttale vedrørande høgde og plassering av blokk BBB5 som vil koma nærmast meg. Blokkene BBB2-5 er i justert plankart oppgitt til 5-7 etasjar, og BBB5 er illustrert med høgaste del mot meg og 2 etasjar lågare mot naboblokka. Eg meiner at det må tast hensyn til eksisterande bebyggelse. Blokk BBB5 ligg nærmare min bustad enn dei nye bustadene utbyggjar sjølv planlegg å føra opp. Ein må kunna forventa at blokk vert snudd slik at lågaste del vert ned mot eksisterande bebyggelse, og at det vert større avstand. Slik som det er føreslått, vil blokk vera svært dominerande.

#### **Kommentar frå forslagsstillaren:**

Tas til følge - BBB5 vil oppførers med laveste del på 5 etg mot BFS3, og den høgaste delen mot nord. Ei langt betre løysing både praktisk og estetisk.

#### **Kommentar frå rådmannen:**

Høg/låg del av blokkene er presisert med kotesetting i revidert plankart. BBB3-5 har lågaste del mot sør, BBB2 har lågaste del mot nord. Koter tilsvarar hhv. 5 og 7 etasjar som tidlegere.

##### **2 Høyde blokker**

Utanom dette vil eg gjerne gi ein kommenter på generelt grunnlag. Fire blokker med 7 etasjar vil dominera heile området og framstå som ein mur. Blokker på 7 etasjar er som bybebyggelse og passar dårleg inn med resten av feltet. Det ville vera meir naturleg at så høge bygg vert lagt heilt i sentrum der det vil passa inn med andre høge bygg.

#### **Kommentar frå forslagsstillaren:**

Høyder endres ikke. Viser til øvrige merknader om viktigheten av høy tetthet ved sentrale

områder.

#### **Kommentar frå rådmannen:**

Legg til grunn at området avsatt til blokker, har ei relativt gunstig plassering ift. skyggelegging av nabohus.

### **3 Steingard nabogrense**

Elles vil eg minna om at steingarden på grensa til feltet tilhøyrer min eigedom etter makebytte mellom far min Albret Skretting og Ole Lobekk.

#### **Kommentar frå forslagsstillaren:**

Planforslaget endrer ikke forholdene for eksisterende steingard. Eventuelle endringer knyttet til steingard løses i privatrettslig avtale.

#### **Kommentar frå rådmannen:**

Viser til kommuneplanens §1.1.6g. med krav om bevaring av steingardar.

### **Fråsegn frå Anne Gjedrem og Arnstein Skretting, 12.01.2018**

#### **1 Blokk BBB6 Lekepl. BLK7 Friområdet Bruk av Leksaren**

I forslaget er det lagt opp til å plassere ei 10 meter høg boligblokk (9,5 + 0,5 grunnmur) på området BBB6. Dette er 1 - 1,5 meter høgare enn maks kotehøgde i gjeldande reguleringsplan. Boligblokka er også plassert 2 meter frå friarealet, mens det på kartet i gjeldande reguleringsplan er angitt at det skal være 5 meter avstand. Ei boligblokk med lengde på ca. 48 meter, ca. 10 meter høgde og 2 meter frå friareal vil være svært negativt for friarealet og tildels også for oss som bur på området BFS 3. Det vil opplevast som eit massivt og dominerande bygg og vil gje mykje skugge på ettermiddag og kveld for friområdet. Videre vil lekeplass ( f\_BLK7) nord for blokka, ha minimalt med sol kl 12 ved vårjevndøgn. I bestemmelser til detaljregulering av Reiestadmarka, står det at trea i størst mulig grad skal bevaras. Friarealet er i denne planen redusert med rundt 100 m<sup>2</sup> i nordvest og endra til lekeplass, f\_BLK7. Det vil resultere i at fleire tre må fjernast. Det vil forsvinne ein god del tre på eit område som er 5 x 20 meter stort. Det er friområdet (o\_GF) skule og barnehager bruker fleire gonger i veka og omtaler som Leksaren. Derfor er det av stor verdi at dette området fortset å ha den størrelsen og kvaliteten det har i dag. Det verna området Leksaren vert pr. dato svært lite brukt av barnehager og skule, men vert brukt til beite og kalveområde for kyr. Vernemyndigheiter er med og bidreg til beiting. Videre vil det nok alltid være begrensa muligheter for barn til å bruke Leksaren som leikeområde i store delar av året, då beiting alltid vil være nødvendig for å oppretthalde spor av gamal busetting.

#### **Kommentar frå forslagsstillaren:**

Tas til følge - Tiltakshaver har kjøpt felt K8 og blokk BBB6 vil erstattes med tett-lav småhusbebyggelse. Lekeplass for bedre forhold. Trær ønskes bevart i størst mulig grad

innenfor friområdet, men trær innenfor felt K8 vil måtte tas ned i forbindelse med planlagt utbygging.

**Kommentar frå rådmannen:**

Relevante innspel ift. motsegn frå FK Kultur, sjå punkt 3.3. (Obs Leksaren er regulert til offentlig friområde med sone bevaring for sjølve Leksaren, og i vest friluftsområde (på land), ikkje LNF-område.

**2 Forslag:** Me ber om at det blir laga eit nytt forslag for heile området vest for friarealet, der det blir lagt vekt på å bevare kvalitetar ved friarealet.

For å oppnå dette bør friarealet ikkje reduserast, byggegrensa bør være minimum 5 meter og maksimal høgde på bygg bør være iht reguleringsplan med kotehøgde 43 meter.

**Kommentar frå forslagsstillaren:**

Tas delvis til følge - utbyggingen innenfor boligfeltet er omarbeidet, byggegrensar settes til 3 m, ikkje 5 m som i gjeldende plan. Maks tillatt regulert høgde på +43 utfordres ikkje.

**Kommentar frå rådmannen:**

Tilsvarende som motsegn frå FK kultur. Byggelinje er redusert til 3m, Rådmannen aksepterer dette som del av ein totalt sett betre løysing av feltområdet.

### **3 Sykkelsti SGS2**

Sykkelstien i vest kunne med fordel vore flytta til austre del av BBB6. Den vil då stoppe rett ved hustuftene på Leksaren. Om det i framtida skulle verta mulig å få til ein sti rundt Leksaren, kan første del av stien gå langs nordsida av Leksaren.

For ikkje å kome i konflikt med det som er freda, kan del av stien, ca 20 meter, ligge på duk med masse over, slik at det som er freda forblir urørt.

Rådmannen skriv at sykkelstien i vest er viktig for å lede vekk vatn ved store nedbørsmengder. Kanskje kunne vegen som går aust/vest frå jernbanen til vestsida av planområdet (SKV13) bli utforma slik at denne vil være hovudløp for flaumvatn. Gangsti i grønndraget/friområdet kunne koplatt saman med sykkelstien plassert i aust av BBB6.

Forslag: Sykkelstien blir flytta til rett vest for friområdet på BBB6.

**Kommentar frå forslagsstillaren:**


Hå kommune er tydelige på at de ikkje ønsker å flytte sykkelsti o\_SGS2. Sykkelveien sees i sammenheng med flomveier og ledningstrase i bakken.

**Kommentar frå rådmannen:**


I tillegg er gang/sykkelsti forutsatt å kunne inngå i framtidig turvegnett rundt heile Varhaug. Plassering heilt i vest gjer at denne kan fortsette ned til Reiestadbekken med minimal konflikt med kulturminnet.

**Fråsegn frå Lyse , 20.12.2018**

Ingen merknader.



Over: søre del av planen ved 1. gongsbehandling. Under: planutsnitt 2. gongsbehandling.



### Ny avgrensa høyring knytta til motsegner

Planforslaget blei sendt ut til avgrensa offentlig ettersyn i perioden frå 8. til 29. juni 2018, til dei 3 høyringspartane med motsegner.

Statens Vegvesen heldt fast på sine motsegner, medan Rogaland Fylkeskommune og Fylkesmannen trakk sine motsegner i merknadene, som følgjer saka som vedlegg 41- 43 .

### Fylkesmannen trakk sine motsegner i brev 27.06.2018:

Innsigelsen er imøtekommet på punktet om rekkefølgebestemmelse. Utover dette er det ikke endringer. Kvartalslekeklassen er fortsatt foreslått etablert i grøntstrukturen gjennom området, og vil bruke en vesentlig del av dette arealet.

Etter en ny vurdering har Fylkesmannen likevel kommet til at innsigelsen er tilstrekkelig



imøtekommet til at den kan trekkes. Vi har da lagt vekt på at grøntdraget gjennom området er langt bredere enn i gjeldende plan, og at det regulerte friområdet i sør er egnet for «uorganisert» lek.

Vi har likevel faglig råd om at noe boligareal tas ut og settes av til eget areal til kvartalslekeplass.

**Kommentar frå rådmannen:** Er av den oppfatning at leikeområder gjerne kan inngå som del av grøntstruktur, i stasjonsbyane. Viser elles til tidlegare merknad og notat om grønt.

### **Rogaland Fylkeskommune trakk sine motsegner i brev 28.06.2018:**

1 Vi vil anbefale at begrepet «hensyssone» i siste avsnitt § 6.1 i bestemmelsene byttes ut med «friområdet».

2 Vi gjør oppmerksom på at det ikke kan påregnes skråningsutslag eller andre inngrep

utenfor plangrensen mot vest langs O\_SKV1 ettersom det her ble registrert en automatisk

freda steinalderlokalitet og gravfelt (id 64736) ved arkeologisk registreringer i forbindelse med tilgrensende plan. Det er viktig at området blir avgrenset med byggegjerde i

anleggsperioden, slik det også framgår av bestemmelse § 2.9 og § 4.1.

3 På bakgrunn av funn tett på plangrensen, ber vi om at følgende tekst legges til i bestemmelse § 4.1: *De registrerte kulturminnefeltene, id 64736 og 34529 skal gjerdes inn og fysisk adskilles ved anleggsarbeidet. Fysisk avgrensning av lokalitetene skal skje i samarbeid med Rogaland fylkeskommune som må kontaktes i god tid før arbeidet skal gjennomføres.*

4 Fra et planfaglig perspektiv har vi ingen vesentlige merknader til endringene i begrenset

høring, men vil likevel bemerke at sykkelparkeringsdekningen er litt lav i området, da det i

mange tilfeller må kunne forventes mer enn 2 beboere i en boenhet på 100 m<sup>2</sup>.

**Kommentar frå rådmannen:** 1, 2 og 3 er nå ivaretatt i plan. 4 er tilstrekkeleg ivaretatt.

### **Statens Vegvesen opprettheld sine motsegner i brev 28.06. 2018.**

## **2 Byggegrense fv504**

En justering av fv. 504 er nødvendig bl.a. for å kunne etablere ny rundkjøring som skal gi atkomst til Reiestadmarka. Plan 1010A-2 grenser til plan 1038-1 for Reiestadmarka, og vil således ikke endre forhold som framkommer i plan 1038-1, deriblant byggegrensen.

Byggegrensen må derfor justeres og tilpasses planlagt ny veglinje/-midte i plan 1038-1.

Vi opprettholder på bakgrunn av dette vår innsigelse knyttet til byggegrense langs fv. 504.

**Kommentar frå rådmannen:** Byggegrense er teikna inn 10m frå vegmidte som blir regulert i plan 1010A-2 og -3, kravet er no ivareteke.

### 3 Annen veggrunn

Plan 1010A-2 ivaretar ikke annen veggrunn på hele strekningen langs fv. 504. Den vestre delen av strekningen langs område BFS1 omfattes ikke av plan 1010A-2, og må derfor reguleres i plan 1038-1.

Det må reguleres inn areal til annen veggrunn med bredde 1,5 m langs fv. 504 på vestre strekning av område BFS1. Vi opprettholder derfor vår innsigelse.

Vi stiller også spørsmål ved om det er satt av tilstrekkelig areal for skråningsutslag ved planlagt fotgjengerundergang. Kommunen må derfor påse at dette er ivaretatt.

**Kommentar frå rådmannen:** «Annen veggrunn» med breidde 1,5m er blir regulert i plan 1010A-2/1010A-3 langs heile strekninga.

### 4 Rekkefølgekrav

Reguleringsbestemmelsene § 2 pkt. 3 setter krav om at rundkjøring i kryss med fv. 504 skal være ferdig opparbeidet før boligene på områdene BB1-6 og BKS1-9 gis brukstillatelse.

Områdene BFS1-3 omfattes også av denne reguleringsplanen. Reguleringsbestemmelsene §4.2 åpner for ytterligere utbygging på disse områdene. Atkomst til BFS1-3 skal også skje via internt vegnett innenfor plan 1038-1 og planlagt rundkjøring på fv. 504.

Områdene BFS1-3 må derfor også omfattes av reguleringsbestemmelse § 2 pkt. 3.

Bestemmelsen er knyttet opp til brukstillatelse. Vi satte krav om at den skulle knyttes opp til igangsettingstillatelse. Vårt krav er dermed ikke ivaretatt verken hva gjelder omfang av bestemmelsen, eller tidspunkt for etablering av rundkjøring.

Det er lagt inn et nytt krav i reguleringsbestemmelsene § 5.1 tredje ledd: *«Det vil være behov for midlertidig anleggsvei fra fylkesvei 504 inn til feltet, plassering av denne skal søkes om og være godkjent av Statens vegvesen.»*

Rundkjøringen er planlagt i krysset fv. 504, Varhaugvegen, x fv. 153, Dysjalsvegen.

Med en arm inn til Reiestadmarka blir det et 4-armet kryss (X-kryss). Et X-kryss har relativt høy ulykkesfrekvens, og bør unngås om det er andre løsninger. Dette betyr at midlertidig

atkomstveg ikke kan plasseres rett overfor Dysjalsvegen sett ut fra et trafiksikkerhetsståsted.

To forskjøvne T-kryss er trafiksikkerhetsmessig å foretrekke, men kan medføre utfordringer pga. andre forhold på stedet. For å unngå dette, kan en midlertidig rundkjøring etableres.

Skal igangsettingstillatelse kunne gis før planlagt rundkjøring er ferdig opparbeidet, vil vi derfor kreve at en midlertidig rundkjøring etableres som del av atkomstsforholdene under utbyggingen av Reiestadmarka.

Skal innsigelsen kunne trekkes, må reguleringsbestemmelsene § 5.1 tredje ledd endres til:

*«Det vil være behov for en midlertidig anleggsveg fra fv. 504 inn til feltet. I kryss med fv. 504 må det etableres en midlertidig rundkjøring. Utforming og plassering av denne skal søkes om og være godkjent av Statens vegvesen før arbeidet kan startes opp.»*  
Samtidig må delfelta BFS1-3 omfattes av reguleringsbestemmelsene § 2 pkt. 3.

#### **Kommentar frå rådmannen:**

Delfelta BFS 1-3 er tekne inn i §2 punkt 3. Føresegn §5.1 3. ledd er endra til likelydande forslag.

Rådmannen er samd i at ei mellombels rundkøyning kan vere ei vel så god løysning som forskyvne T-kryss. Ei slik løysning krev plass, då den skal brukast samstundes med opparbeiding av permanent rundkøyning.

For å sikre plass, har Rådmannen utvida varsla planområde for plan 1010A-3. Varsel om utviding er sendt 19.10.2018 med uttalefrist 17.11.2018. Rådmannen fremjer planen til 1.gongsbehandling i neste møtet i Utvalet..

#### **Faglege råd om (5) bredde g/s veg og undergang + todelt løysning**

## og (6) støytiltak v/eks. bebyggelse BFS 1-3

Vegvesenet viderefører og utdyper bakgrunn og hjemmel for disse, og kommer med forslag til løsninger.

### Kommentar frå forslagsstillaren:

Framhever at undergang med større bredde enn 4 meter er uaktuelt. Med større bredde blir det ikke mulig å få til tilstrekkelig overdekning (vertikal avstand fra vegbanen til undergang). Viser og til at deres utbygging ikke gir trafikkgrunnlag for å krevje delt gang/sykkelløysning.

### Kommentar frå rådmannen:


Undergang og gang/sykkelveg på nordsida av vegen blir løyst i plan 1010A-2, sjå punkt 5 i tidlegare merknad, og saka om denne planen.

Ei utviding av undergangen må tas mot aust, sidan vegen stig i den retninga blir ikkje overdekninga dårlegare. Ulempa er at skråningsutslaget mot BFS2 gjerne blir for bratt til å kunne tas utan støttemur.

Overslaget på gåande og syklande i «maksimaltimen i eit normaldøgn» er uklar, og vil særleg i ikkje-utbygde område basere seg på kvalifisert skjønn, i ei utvikling som går over eit langt tidsrom, og høyrer såleis til i ei overordna vurdering.



Over: nordre del av planen ved. 1. gongsbehandling. Under: planutsnitt 2. gongsbehandling.



## **Endringar gjort av forslagsstillar etter avgrensa ettersyn (juni)**

Forslagsstillar har gjort desse endringane til siste leveranse 26.10:

3. *2.7 er slått sammen med 2.9 siden de gjelder samme hensyn. Det gjentas også i 4.1 med litt annen ordlyd. Det er ikke meningen at kulturmyndigheten skal godkjenne tekniske planer. Det som er viktig å presisere er at o\_SKV ikke skal anlegges utenfor plangrense og at anleggsgjerde skal skille anleggsarbeid fra hensynssonen.*
4. *O\_SGS er nå 4 m. Vi ser at dette ikke strider med vegvesenets merknad fra off. høring. Vi mener 2,5 for gående og 1,5 for sykkel gir rikelig plass med tanke på full utvikling her og på nabofeltet. Det er viktig med grønne skråninger for trivsel også. 4 m bredde gir bedre forhold for gs-veien på nordsiden av undergangen også.*
5. *Vi har også slettet første setning i punkt 8 i høringsbestemmelsene, «Før første brukstillatelse kan gis skal minimum 600 m<sup>2</sup> av kvartalslekeplass o\_BLK1 stå ferdig opparbeidet.», men beholder at «o\_BLK1 skal være ferdig etablert innen brukstillatelse gis bolig nr. 40». Dette handler litt om hvor og hvorfor anlegge kvartalslek når den likevel etter kort tid må rives ifm. graving og bygging av parkeringskjellerne.*

### **Kommentar frå rådmannen:**

3 Intensjonen med 2.7 var ikkje at dei skulle godkjenne, men bli orientert om teikningane før arbeida startar og ha moglegheit til å uttale seg.

Rådmannen har lagt til: «Tekniske planer som berører kulturminnefelt ved planområdet, skal sendes til kulturminnemyndigheten til uttale.»

4 Breidde på heile strekninga blir endeleg låst i sentrumsplanen.

Gang- og sykkelveg skal opparbeidast med minimum bredde 3,5m (3,0m nettobredde), med undergang minimum 4m nettobredde.

Dersom det ikkje blir etablert eigen undergang fra framtidig boligområde Reiestad Vest (54/2), må gang- og sykkelvegen og undergang vurderast utvida til delt løsnung med nettobredde minimum 4,0 (2,5+1,5) eller bredere etter gjeldande N100. Det følgjer av dette at undergang må etablerast med nettobredde minimum 5,0m. Forholdet må avklarast i sentrumsplan i god tid før byggjearbeid for undergangen.

Kostnadar knytte til ei slik utviding må knyttast til byggjeområder vest for Reiestadmarka og/eller Fv 153.

Rådmannen har presisert rekkjefølgjekravet om undergang med denne tilleggsformuleringa:

*«Undergangen er regulert i plan 1010A-2. Rekkjefølgjekravet inkluderer undergangen, gang- og sykkelveg SGS1, omlegging av SKV3 til envegskjøring, og nødvendige forstøtningsmurer.»*

5 Rådmannen er betenkt sidan formuleringa avviker frå det som blei «godkjend» av

Fylkesmannen då dei trakk motsegna. Rådmannen anbefaler difor i utgangspunktet å nytta 25 bustadar som utløyssande faktor, då dette samsvarer med kommuneplanen, men lar det stå med 40 ved framleggjing til 2.gongsbehandling. Rådmannen vil i tida fram til møtet avklåre høvet med Fylkesmannen (**sendt 12.11**). Samstundes ser rådmannen at det kan vere utfordrande å samkøyre byggjing av blokker i 7 etasjer, og underjordisk anlegg med full etablering av kvartalsleikeplass.

### **Lovheimlar**

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

### **Samla vurdering:**

Planforslaget er no meir gjennomarbeidd og i varetek naudsynte omsyn. At planarbeidet blei liggande på vent i 3 år, etter ein allereie lengre prosess, har medført at krava til planen på mange område (td. vegutforming) har blitt høgare enn ved oppstart.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor, tilrår rådmannen at planforslaget Plan 1038-1 Detaljregulering for Reiestadmarka blir vedteken.



Samanstilling av plan 1038 (vedteken), plan 1038-1 og 1010A-2 (2.gongs-behandling), og planforslag 1010A-3 (1.gongsbehandling 31/01)

**Vedlegg:**

- 01 1038-1 Plankart Vniv2 26.10.2018
- 02 1038-1 Planbestemmelser , rev før godkjenning 26.10.2018 kommuneversjon
- 04 Planbeskrivelse 1038-01, rev 2 (1.gongsbehandling)
- 05 ROS plan 1038-01
- 07 A P 01 Illustrasjonsplan
- 08 1038-1 Justert plankart VNIV1
- 09 A S 01 Snitt 1 2 3 4
- 10 A S 02 Snitt 6 7 8
- 11 A S 03 Snitt 10 12 14
- 12 A S 04 Snitt A C E F
- 13 Notat - forslagsstillers vurdering av lek og grøntarealer
- 14 A Z 02 Grøntdrag
- 15 A Z 03 Gaterom
- 16 216522-RIA-RAP-001-01 Akustikkrapport
- 17 216522-TVF-NOT-005-rev01\_Premiss vei og trafikk
- 18 216522-TVF-NOT-006-rev01\_Premiss vann og avløp
- 19 Geoteknisk rapport
- 20 Arealtebell Reiestadmarka oppdatert 25.10.2018
- 21 Renovasjonsteknisk plan 03.05.2018
- 22 Alternative kryssinger av fv 504 Varhaugvegen
- 23 1038-1 UTN saksprotokoll 12.12.2017
- 24 tidligere 1gangsbehandling 03032015
- 25 A E 01 Solstudie vårjevndøgn
- 26 A E 02 Solstudie midtsommer
- 27 Gjeldande plan 1038 Plankart
- 28 Gjeldande plan 1038 Regbestemmelser
- 29 1038-1 Merknadsoversikt med kommentar forslagstiller
- 30 Lyse
- 31 Fylkesmannen
- 32 Statens Vegvesen
- 33 Rogaland Fylkeskommune kultur vedlegg
- 33 Rogaland Fylkeskommune kultur
- 34 Rogaland Fylkeskommune regionalplan
- 35 BaneNOR
- 36 NVE generell
- 37 Innbyggjarrådet sak 008 18
- 38 Eirik J Varhaug
- 39 Herman Skretting
- 40 Anne Gjedrem Arnstein Skretting
- 41 Fylkesmannen trekker innsigelse
- 42 Fylkeskommunen trekker innsigelse
- 43 Uttale til begrenset høring a Statens vegvesen
- 44 Begrenset høring, Plan 1038-1 Detaljregulering Reiestadmarka
- 45 Anmodning om å trekkje motsegn, plan 1038-1 Reiestadmarka
- 46 Vegvesenet Trekker innsigelse 08112018
- 47 Planskisse 1010A-3 Varhaug sentum sør 26102018
- 48 Arkeologisk rapport kulturminne i vest



49 Kart kulturminne i vest